
Os vgs.
Vestland fylkeskommune









Éin skule - mange moglegheiter.

Os vidaregåande skule er ein skule bygd på sterke tradisjonar.

Etter samanslåinga av Os gymnas og Os vidaregåande skule er vi no éin samla skule med eit breitt tilbod innan både yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram. Saman har vi skapt eit fagleg og sosialt fellesskap der alle elevar får moglegheit til å utvikle seg, finne si retning og nå sine mål.

På Os vgs står elevane i sentrum. Vi veit at trivsel, tilhøyrsle og gode relasjonar er avgjerande for læring, utvikling og gjennomføring. Difor arbeider vi kvar dag for å skape eit inkluderande miljø der alle skal bli sette, høyrde og verdsette. Dyktige kontaktlærarar og engasjerte tilsette følgjer elevane tett gjennom skuleløpet og bidreg til at kvar einskild elev kjenner seg trygg, får støtte når det trengst og opplever meistring i skulekvardagen.

Verdiane våre – inkluderande, profesjonell og utforskande – skal prege alt vi gjer. Vi skal vere ein skule der alle kjenner at dei høyrer til, der kvalitet og fagleg utvikling står sterkt, og der vi møter framtida med nysgjerrigheit, kreativitet og vilje til å utforske nye moglegheiter.

Målet vårt er at elevane skal trivast, lære og fullføre utdanninga si. Difor arbeider vi målretta med tilpassa opplæring, gode overgangar mellom grunnskule, vidaregåande opplæring og arbeidsliv, og eit læringsmiljø som fremjar motivasjon, medverknad og meistring. Vi tek òg i bruk nye moglegheiter innanfor teknologi og kunstig intelligens på ein fagleg, etisk og ansvarleg måte.

Os vidaregåande skule er ikkje berre ein ny skule, men òg ein skule i utvikling. Dei komande åra vil skulen få nye og moderne læringsarenaer gjennom nybygg og oppgradering av eksisterande bygningsmasse.

På Os vidaregåande skule byggjer vi framtida saman gjennom kunnskap, fellesskap og tru på at alle elevar kan lykkast.









På skulen har vi:

- Gratis skulefrukost
- Biljard, bordtennis, air-hockey og brettspel
- Miljøkoordinatorar i fellesareala
- Aktivitetsdagar minst to gonger i året
- Solidaritetsaksjon for I Care – Norway



Ein skule for alle

Skulekvardagen er meir enn berre fag. Vi veit at du lærer best når du er ein del av eit godt fellesskap.

Difor jobbar vi kvar dag med å skape eit inkluderande og trygt skulemiljø.

På skulen har vi lagt til rette for at du kan kople av og vere sosial. Vi har biljardbord, bordtennisbord, air-hockey og brettspel, i tillegg til gratis skulefrukost og behagelege sofaer der du kan henge med venner. Miljøkoordinatorane våre er til stades i fellesareala og arrangerer jamleg aktivitetar som quiz, samlingar for hybelbuarar og klassekonkurransar. I tillegg arrangerer skulen aktivitetsdagar minst to gonger i året, der elevar samlast på tvers av klassar og utdanningsprogram.

Engasjementet vårt strekkjer seg utover grensene til Bjørnafjorden. Skulen har lange tradisjonar med å samle inn pengar til organisasjonen I Care – Norway gjennom dei årlege solidaritetsaksjonane våre. Kvart år får nokre elevar reise til Moldova for å sjå kva dei innsamla pengane går til.

Velkommen til Os vgs. Vi gler oss til å bli kjende med deg!



Bygg det samfunnet treng

Er du praktisk anlagd og har godt handlag? Då er bygg- og anleggsteknikk ei brei grunnutdanning med mange vegar vidare.

Drøymer du om å bli snikkar, tømrar, anleggsmaskinførar, røyrleggjar, målar eller murar? Vg1 bygg- og anleggsteknikk gir deg ei brei grunnutdanning, slik at du har fleire moglegheiter når du skal velje vg2.

Utdanningsprogrammet omfattar produksjon, oppføring, ombygging og vedlikehald av bygningar og anlegg med tilhøyrande tekniske installasjonar, der det blir stilt strenge krav til kvalitet og tryggleik. Hos oss får du vere sjølvstendig, samtidig som du lærer å arbeide i team – slik mange bygge- og anleggsprosjekt faktisk fungerer.

Vg2 tømrar

På vg2 tømrar får du større innsikt i dei byggtekniske faga, og du kan søkje læreplass innan tømrarfaget etter fullført år.







BYGGOPP

Fra skolebenken til drømmejobben i Vestland

Byggopp Vestland følger deg gjennom hele læretiden – med medlemsbedrifter som har høyt fokus på kvalitet, HMS og profesjonalitet.

byggopp.no/opplaeringskontor/byggopp-vestland

post@byggoppvestland.no · +47 55 90 72 50



VG2 Anleggsteknikk

Du får køyre. Du får byggje. Du får erfaring frå reelle anleggsoppdrag.

Likar du store maskiner, praktisk arbeid og sjå konkrete resultat av det du gjer? På Vg2 anleggsteknikk lærer du å byggje og vedlikehalde infrastrukturen som samfunnet er avhengig av kvar einaste dag.

Opplæringa er praktisk og tett knytt til arbeidslivet. Du får arbeide med moderne anleggsmaskiner og utvikle kompetanse innan mellom anna stikking, grunnarbeid, masseflytting, VA-anlegg, vegbygging, boring og anleggsdrift.

Skulen har ein moderne maskinpark med nye maskiner frå mellom anna CAT og Volvo, i tillegg til maskiner leverte av Nasta. Det blir jamleg kjøpt inn nye maskiner og nytt utstyr, slik at du får opplæring i teknologi som blir brukt i dagens anleggsbransje.

Os vidaregåande skule tek imot elevar frå heile landet.



Vg2 Arbeidsmaskiner

Er du interessert i korleis store maskiner fungerer?

På Vg2 Arbeidsmaskiner lærer du å feilsøkje, vedlikehalde og reparere anleggsmaskiner, landbruksmaskiner og anna tungt arbeidsutstyr.

Du får arbeide med moderne hydraulikk, elektronikk, sensorar og digitale diagnosesystem, og lærer å finne feil, utføre service og dokumentere arbeidet etter krava i bransjen.

Opplæringa er praktisk og skjer i verkstad og i skulen sin moderne maskinpark, med mellom anna CAT- og Volvo-maskiner.

Gjennom praksis, bedriftsdagar og sikkerheitsveke møter du bransjen og får erfaring, nettverk og kontakt med aktuelle lærebedrifter. Samarbeidet med OKAB gir deg eit godt grunnlag for vegen vidare.

ROYAL TRANSPORT

Royal Transport

Kan det flyttes, flytter vi det for deg!

www.royaltransport.no

Idrettsveien 122, 5353 Straume +47 98 22 51 00 firmapost@royaltransport.no


Vg3 Anleggsmaskinmekanikar

Store maskiner. Moderne teknologi. Eit fagbrev med mange moglegheiter.

Vg3 Anleggsmaskinmekanikar ved Os vgs er ei landslinje for elevar frå heile landet. Du lærer service, vedlikehald, feilsøking og reparasjon av moderne anleggsmaskiner.

Opplæringa er praktisk og skjer i verkstaden og på skulen sine eigne maskiner. Du får arbeide med hydraulikk, motorar, elektronikk, sensorteknologi og digitale diagnoseverktøy.

Gjennom praksis og tett samarbeid med bransjen og OKAB får du erfaring, byggjer nettverk og møter aktuelle lærebedrifter. Utvalde elevar får også delta på fagreise til Volvo i Sverige.





RIVENES

– På veien for deg siden 1959

Transport og entreprenørforretning

Vi er en totalleverandør med moderne utstyr for forskjellige oppdrag. Vår lange erfaring gjør oss til en solid samarbeidspartner som setter sikkerhet og kunden i fokus.

55 53 54 80 firmapost@rivenes.no rivenesas rivenes-as rivenes.no



ASKOs ambisjoner:

- Effektiv logistikk til fornøyde kunder
- Konkurransedyktig håndtering av hele varestrømmen



ASKO VEST er en lærebedrift i logistikk- og transportfaget

ASKO VEST AS er en ledende engrosbedrift med ca. 500 ansatte, med en forventet omsetning på 12,5 milliarder kroner i 2026. Markedsområdet er Vestland fylke. ASKO leverer til dagligvareforretninger, storhusholdning og servicehandelen, og er lokalisert i Arna i Bergen.

ASKO

– vi forsyner Norge med mat

LES MER PÅ

Straum, data og system som må fungere

Elektro og datateknologi er ei yrkesfagleg utdanning der du lærer om installasjon og vedlikehald av elektriske og elektroniske system.

Å studere elektro og datateknologi kan bli utgangspunktet for ei spennande og allsidig yrkeskarriere. Du kan byrje som handverkar, og dersom du har lyst på fleire utfordringar, kan du studere vidare ved ein teknisk fagskule, ingeniørhøgskule eller universitet.



Vg1 elektro og datateknologi

På vg1 får du lære det grunnleggjande du treng for å gå vidare med elektrofag. Du vil lære om data- og elektronikksystem, elenergisystem og automatiseringssystem, og fordjupe deg i eitt emne gjennom prosjekt til fordjuping. Undervisninga er ein kombinasjon av teori og praktiske øvingar.

AF Elkraft

Bli lærling i AF Elkraft

Hos oss får du være med på spennende prosjekter, lære av dyktige fagfolk og bygge en karriere i en bransje med stor etterspørsel etter kompetanse.



Energimontører i arbeid på Sotra
Kreditering: AF Gruppen/Vebjørn Løvås



Vg2 elenergi og ekom

Dette faget byggjer på vg1 og dannar grunnlaget for fagbrev som elektrikar, heismontør, energimontør eller telekommunikasjonsmontør. Dei fleste elevane som er uteksaminerte frå vg2 elenergi og ekom hos oss, har dei siste åra fått læreplass i installasjonsbedrift, industri eller ved eit kraftverk.

Godt å vite før du søkjer

- Vg1: to klassar med 15 elevar
- Vg2 elenergi og ekom: ein klasse med 15 elevar
- Du bør ha interesse for matematikk og fysikk
- Studiet er arbeidskrevjande og krev innsats òg utanom skuletida
- To år i lære etter vg2 før fagprøve

Bli lærling i Energimontørfaget hos Lysna

Skann QR-koden for å lese meir

Lysna



Stallabrotvegen 119, 5640 Eikelandsosen | Tlf. 56 58 00 30 | post@lysna.no | www.lysna.no

Maskiner, motorar og moderne produksjon

Her lærer du om maskiner, produksjonsprosessar, automatisering og programmering av robotar.

Med fagutdanning innan teknologi og industrifag får du ei utdanning der du stadig kan tilpasse deg framtidas krav og utfordringar – og med slik utdanning har du òg moglegheiter for å få arbeid i andre land.

Vg1 teknologi- og industrifag

Vg1 er eit samordna felles programområde som gir kompetanse for vidare opplæring i ei rekkje yrke. Du får innføring i emne som data, teikning, elektro, hydraulikk, pneumatikk, demontering og montering, samanføying og bruk av verktøymaskiner.





Vg2 køyretøy

Kurset omfattar motor, motorstyring, bilelektro, drivverk, bremser, understell, fjæring og hjulutrustning, karosseri, bransjelære og kundebehandling. Elektronikk blir i stadig større grad brukt som styringssystem for dei mekaniske komponentane, og det blir stilt store krav til innsikt både i mekaniske fag og elektrofag.

Vg2 transport og logistikk

Her får du brei kunnskap innan terminalarbeid, persontransport, godstransport og kundebehandling. Du kan få kompetansebevis på ADR og truckførarbevis, og du får 10 000 kroner i støtte til obligatorisk opplæring for førarkort klasse B. Skulen har seks truckar, eigen lagerhall og stort uteområde.





Vg3 yrkessjåfør – landslinje

Har du lyst til å køyre lastebil, lastebil med hengar eller buss, i eit yrke som samfunnet er avhengig av? Hos oss får du praktisk opplæring i køyring, sikker last, vedlikehald av køyretøy, lovar, reglar m.m. 19-verkerskurset er for lærlingar (dei som har lærekontrakt) og for vaksne over 21 år. Kursstart i august og januar kvart år.



Menneske og opplevingar

Er du sosial, nysgjerrig og glad i å jobbe med menneske?

På Sal, service og reiseliv får du ei praktisk og variert utdanning som gir deg ferdigheiter innan kommunikasjon, service, økonomi, marknadsføring og kulturforståing. Utdanningsprogrammet passar for deg som ønskjer ein aktiv kvardag og mange moglegheiter vidare.

Vg1 Sal, service og reiseliv

På vg1 får du ei brei innføring i service- og reiselivsnæringa. Du lærer korleis ein møter kundar profesjonelt, samarbeider med andre og skapar gode opplevingar. Undervisninga er praktisk og knytt til situasjonar du vil møte i arbeidslivet: kundeservice og profesjonell kommunikasjon, service og samhandling, grunnleggjande forretningsforståing, og yrkesfagleg fordjuping med praksis i bedrifter.

Vg2 Sal og reiseliv


På vg2 får du fordjupe deg i fagområda som er sentrale i moderne service-, sal- og reiselivsnæringar. Skulen bruker ungdomsbedrift (UB) til å jobbe med faga på vg2. Vi tilbyr òg praksisplassar i anten Spania eller Italia for nokre utvalde elevar.

Vg2 Transport og logistikk

På Vg2 får du utforske moglegheitene innan transport og logistikk, og lære korleis varer og tenester kjem fram dit dei skal. Sjå meir informasjon på førre side.

Nye programfag frå 2026

- Forretningsdrift – økonomi, drift, berekraft og lønsemd
- Marknadsføring og innovasjon
- Kultur og samhandling
- HMS og kvalitet
- Yrkesfagleg fordjuping – praksis i relevante bedrifter



Vil du arbeide med menneske?

Helse- og oppvekstfag er eit yrkesfagleg tilbod for deg som ønskjer å arbeide med menneske i framtida. Opplæringa er praktisk og skal gi deg eit godt grunnlag for arbeid innan fagområde som samfunnet treng i framtida.



Vg1 helse- og oppvekstfag

På vg1 får du ei grunnleggjande innføring i dei ulike helse- og oppvekstfaga. Dette gir deg eit godt utgangspunkt for å velje kva for retning du ønskjer å fordjupe deg i vidare. Gjennom praksis vil du få erfaring frå ulike fagretningar. Skulen har eit godt samarbeid med mellom andre Bjørnafjorden kommune, Bergen kommune, Helse Bergen og Helse Fonna, i tillegg til private aktørar innan skule, barnehage og helsetenester.

PRODUKSJON OG MONTERING
Vi leverer glassvegger til små og store prosjekter over hele landet. Arbeidet foregår både på verksted og ute på prosjekt.
56 30 35 90 post@hodneland.as

Hodneland®
Rom til inspirasjon

Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfag

Barne- og ungdomsarbeidarar skal like å arbeide med born og unge og leggje til rette for gode oppvekstvilkår. Her lærer du å planleggje, gjennomføre og evaluere pedagogiske aktivitetar for born og unge, tilpassa deira føresetnader. Du kan til dømes få utplassering i skule og barnehage.





Vg2 helsearbeidarfag

Ein helsearbeidar utgjer ein stor skilnad i livet for dei som treng særskilt omsorg og helsehjelp. Du får opplæring i grunnleggjande sjukepleie til menneske i alle aldrar, og lærer om heilskapleg omsorg, ernæring og miljøarbeid. Du vil i periodar ha praksis i ulike delar av helsetenesta, som sjukehus, sjukeheim, heimesjukepleie, psykiatri eller rusomsorg.

Vg2 ambulansefag

Ambulansefag er for deg som ønskjer eit spennande yrke der ingen dagar er like og tempoet er høgt. Her lærer du om akuttmedisinsk behandling og transport av pasientar, livreddande førstehjelp, sjukdomslære og medikamenthandsaming. Skulen har eit nært samarbeid med helseføretaka i regionen.

Du kan òg velje det treårige studieførebuande løpet innan helse og oppvekst – sjå neste side









Helse og oppvekst – studieførebuande

Helse og oppvekst med studieførebuande er eit godt val for deg som ønskjer høgare utdanning innan helse- og oppvekstsektoren.

Ved å følgje dette løpet, blir programfag og fellesfag fordelte jamt over tre år. Om du ønskjer det, vil det vere mogleg å ta realfag som nettundervisning i delar av opplæringa (vg2/vg3). Med denne utdanninga kan du søkje alle utdanningar som krev generell studiekompetanse.

Vegen vidare

Når du har fullført og bestått tre års skulegang, får du generell studiekompetanse og kan søkje opptak på høgskule eller universitet.

Gjennom Helse og oppvekst – studieførebuande fordjupar du deg innan helsefaga, som vil gje deg ein solid grunnmur for å ta studium som til dømes sjukepleie, audiologi, ergoterapi, folkehelsearbeid, fysioterapi, optometri, paramedisin, radiografi, tannpleie, tannteknikk, vernepleie, musikk og helse, psykologi, idrett med fordjuping i helse og treningsfysiologi, krisehandtering, informasjonssystem, samfunnsretta ernæring og kognitiv vitskap.







Gjør et selvstendig valg og sats på anleggsbransjen

ET GODT OG FRAMTIDSRETTET YRKESVALG



– Det er viktig å få utdannet de fagfolkene Norge trenger



Hva skal OKAB gjøre?

- Være en ressurs for medlemsbedriftene på området fagopplæring
- Bistå medlemsbedriftene i gjennomføringen av lærlingenes læretid
- Øke bedriftenes tilgang på kvalisert arbeidskraft gjennom rekrutteringsarbeid
- Være med å utdanne ungdom til dyktige fagarbeidere innen anleggsbransjen
- Bidra til å øke fagenes kompetanse og renomme

MEF
MASKIN-
ENTREPRENØRENES
FORBUND

www.mef.no

OKAB
OPPLÆRINGSKONTORET
FOR ANLEGGS-
OG BERGFAGENE

www.okab.no



Påbygging til generell studiekompetanse

Os vidaregåande skule tilbyr påbygging til generell studiekompetanse for elevar som har fullført vg1 og vg2 på eit yrkesfagleg utdanningsprogram.

Vg3 påbygging er ein alternativ veg til generell studiekompetanse for deg som går eller har gått yrkesfag.

Innhald og fag

Påbygging gir deg den teoretiske kunnskapen du treng for å få studiekompetanse. Obligatoriske fag er norsk, matematikk, historie, naturfag og kroppsøving, i tillegg kan du velje av programfag som til dømes breiddeidrett, psykologi eller engelsk.

Vegen vidare

Med generell studiekompetanse kan du søkje høgare utdanning ved høgskular og universitet. Har du også fagbrev, får du ein verdifull kombinasjon av praktisk erfaring og teoretisk kompetanse – noko som er etterspurt i både offentleg sektor og næringslivet.

Tilrettelagd opplæring

Os vidaregåande skule tilbyr arbeidslivstrening og kvardagslivstrening for elevar som har særskilte behov i opplæringa.

Dei to tilboda er organiserte i grupper som har færre elevar og fleire vaksne enn i ordinære klassar. Fleire lærarar og miljøarbeidarar samarbeider om å sikre elevane den støtta dei treng. Alle elevane i desse gruppene har enkeltvedtak om individuelt tilrettelagd opplæring og mottek opplæringa si etter ein individuell opplæringsplan.

I gruppe for kvardagslivstrening har vi fokus på at elevane skal få grunnleggande kunnskap og trening i kvardagslivsaktivitetar.

Arbeidslivstrening skal førebu elevane på ordinært eller tilrettelagt arbeid i framtida. I skuletida tar elevane i praktisk undervisning innan sal, service eller bygg- og anleggsteknikk med mål om utvikling av yrkesfagleg kompetanse. Mellom anna lærer elevane om økonomi, service, handverk, hygiene og samarbeid gjennom planlegging og gjennomføring av handverksverksemd, marknader, sal av mat og vedarbeid. I løpet av tida hos Os vgs blir elevane utplasserte i bedrift nokre dagar i veka.



Vegen til alle moglegheiter

Drøymer du om å studere ved universitet eller høgskule? Då er studiespesialisering utdanningsprogrammet for deg!

Studiespesialisering gir deg eit solid fagleg grunnlag og generell studiekompetanse etter tre år. Du held dørene opne til alle studium i Noreg og utlandet. Vi tilbyr også realfag som gir spesiell studiekompetanse til studium med særskilde opptakskrav.

Fag og valmoglegheiter

På vg1 har alle dei same fellesfaga, men val mellom ulike framandspråk og praktisk eller teoretisk matematikk. På vg2 og vg3 vel du programfag etter interesser, styrkar og framtidsplanar. Du kan velje mellom språk, samfunnsfag og økonomi, realfag og fag gjennom Nettskulen i Vestland.



BJØRNAFJORDEN TRAFIKKSKOLE

Trafikkskole på Os og i Bjørnafjorden

Bjørnafjorden Trafikkskole er en lokal kjøreskole på Os for deg som skal ta førerkort i trygge ogoversiktlige rammer. Vi holder til sentralt på Os og tilbyr kjøreopplæring for elever i Bjørnafjorden og nærområdene.

Brugata 6, 5200 Os | post@bjornafjordentrafikkskole.no
Tlf. 99 38 99 05 | bjornafjordentrafikkskole.no







Kombiner studiar og idrett

Er du glad i idrett, kan du velje breiddeidrett eller toppidrett som programfag. Du kan kombinere idrett med andre programfag, også realfag, og dermed oppnå spesiell studiekompetanse.

Vegen vidare

Studiespesialisering gir deg mange moglegheiter etter vidaregåande. Hos oss kan du ta faga du treng for studium med særskilde opptakskrav, som ingeniørutdanning, medisin og andre realfagsbaserte utdanningar.

Hald dørene opne – og finn vegen vidare mot dine mål.








Os Auto

Vi er din lokale leverandør av service, alle typer reparasjoner, diagnose og periodisk kjøretøykontroll.

Vi reparerer alle bilmerker!

56 30 81 00 verksted@osauto.no osauto.no





Os vgs.
Vestland fylkeskommune

Klar for neste steg?

Søk Os vidaregåande skule på vigo.no innan 1. mars.

Har du spørsmål?

Ta gjerne kontakt – vi hjelper deg vidare.

Kontakt oss

Telefon: 56 56 56 00 (kl. 08.00–15.00)
E-post: post.osv@vlfk.no
www.os.vgs.no

Avdeling Kolskogheiane

Kolskogheiane 14, 5210 Os

Avdeling Gymnasvegen

Gymnasvegen 85, 5200 Os

JS/NORGE · Concept: JS Media Tools A/S · 116968 · www.jsnorge.no



START KARIEREN PÅ VEIEN

Bli en del av Posten Bring Bildrift i Bergen

posten bring

Liker du praktisk arbeid, kjøretøy og en hverdag med ansvar? Hos Posten Bring får du muligheten til å utvikle deg i en bransje som holder Norge i bevegelse.

Vi trenger dyktige og engasjerte folk innen transport og logistikk, og hos oss får du både opplæring, erfaring og mulighet til å bygge en spennende karriere.

Kanskje din vei videre starter her?



Posten Bring Bildrift AS | Avd. Bergen Kanalveien 52 B, 5068 Bergen I april 2027 flytter vi til Lyseparken på Os. Les mer på: **postenbring.no**